

Styremøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit: **02.04.16**

Stad: **Quality Hotell Sogndal**

Desse møtte: Ragnhild Sæle, Jo Risløv, Ingunn Reme, Odd-Jarle Øvreås, Lars Nesse

Saker

Sak 17/16: Delteke på sidan sist

Ragnhild

9. feb.: Gaupne, samanslåing av lag
17. feb.: Møte i gjetarhundnemnda
24. feb.: Møte i beitegruppa
24. feb.: Årsmøte i Kyrkjebø Sau og Geit
26 – 27. feb.: Årsmøte Sogn og Fjordane Sau og Geit
4. mars: Årsmøte Bondelaget
12. mars: Årsmøte i Bonde og Småbrukarlaget
16 – 17. mars: Representantskapsmøte
29. mars: Møte i gjetarhundnemnda

Jo

26. – 27. februar: Årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Ingunn

17. februar: Møte i gjetarhundnemnda
26. – 27. februar: Årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit
29. mars: Møte i gjetarhundnemnda

Lars

23. – 24. februar: Rovviltseminar i Oslo
26. – 27. februar: Årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit
16 – 17. mars: Representantskapsmøte

Odd-Jarle

26. – 27. februar: Årsmøte i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Sak 18/16: Gjetarhundnemnda

Me går ikkje inn for å ha eigne vedtekter for gjetarhundnemnda. Den er oppnemnd av fylkeslaget og lagslovene gjeld for nemnda. (Sjå lagslovene § 18 – f). Fylkesstyret vart informert om møte i gjetarhundnemnda 29. mars og støttar vedtak gjort der.

Sak 19/16: Arbeidsplan 2016

Me planla ein del på fleire av punkta på arbeidsplanen:

Styremøte etter behov

Jordbrukstingingane 2017 – brukar same plan som 2 føregåande år. Startar med dette til hausten på leiarsamlinga

Regionale møte/ leiarsamling: Oktober/november: Ei samla for fylket, lokallaga sin time, jordbrukstingingane, mineral og parasittar, spør om å få nokon frå helsetenesta på sau til føredragshaldarar 28. – 29. oktober, Ingunn sjekkar prisar på ulike hotell

Geitehelg i slutten av november 19 – 20/11 evt. helga etter

Småfesamling i januar 2017

Rovvilt-/beiteutfordringar

Ferdigstilling av filmen om «geitehald i gamle dagar»

Medlemsverving

Opplæring i organisasjonsarbeid i alle ledd – regionvis/ lagsperm. Fyrst skriv til dei som ikkje har org. nr, ta kontakt med dei laga som ikkje har levert årsrapport. Ha møte i starten av juni.

Sak 20/16: I etterkant av årsmøte

Overskrift på opptrykt dokument til årsmøte: Endre frå Årsmelding til Årsmelding m.m.

Samuel J. Førde sin minnepokal går ut. Geitegruppa får ansvar med å setje opp ny vandrepokal med namn og statuttar.

Uttalerett på fylkesårsmøtet: Leiarar i utval/nemnder nedsett av Sogn og Fjordane Sau og Geit. Desse kan delegere vidare til andre i utvalet/nemnda å uttale seg.

Forslag til forbetring

Plassering: Prøv å skilje mellom utsendingar med stemmerett og dei utan. Lage nummerlappar som ein får ved registrering. Ha ulik farge på dei som har stemmerett og dei som har talerett. Må vise desse når ein ber om ordet.

Referent

For styret i Sogn og Fjordane Sau og Geit

Odd-Jarle Øvreås

Sekretær